

### Delprosjekt: A9 - VAR

**Møtestad: Kommunestyresalen, Sandøy rådhus**

**Dato: 15.2.2018**

**Tid: 10-14**

**Møteleiar: Kim A. Breivik**


Deltakarar:	Kommune/rep r.
Frode Helland	<i>Skodje</i>
Bjørn Skulstad	<i>Ålesund</i>
David Chris Mertsching	<i>Ålesund (TV)</i>
Kim A. Breivik	<i>Sandøy</i>
Morten Sloth-Fjordside	<i>Ørskog</i>
Kjell Sindre Johansen	<i>Haram</i>

### Saksliste:

Synfaring på kommunelageret, høgdebassengprosjektet (med vérforbehold), arbeid med å fullføre ROS-analyse, justere prosjektplanen og arbeide vidare med kunnskapsgrunnlaget.

### Referat og konklusjonar

- Vi hadde befaring på teknisk lager i Molovegen før møtet og såg på korleis Sandøy kommune har organisert sine lager/kontorfasiltetar.
- Delprosjektleiare orienterte om innspel som er sendt til prosjektleiaren om organisering etter felles leiarmøte den 29.1. Innspela bygga i hovudsak på tildegare drøftingar i referat frå møter i A9. Vi er samde om at A9 treng avklaring på muleg inneleige av ekstern bistand, frikjøp eller tilsetjing i stilling som kan arbeide med prosjektet. Delprosjektet ser det som svært positivt at det skjer ting i eitt høgare tempo i prosjektet no. A9 ser det som



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund


formålstenleg at fleire fagområde innanfor teknisk sektor blir organisert under ein paraply for tekniske tenester.

- Ålesund har kome med innspel om at det finnast noko kapasitet til å skanne eldre røyrleggararkiv, vass- og avlaupsplanar etc., som i seg sjølv kanskje ikkje er arkivverdig, men verdefult kunnskapsgrunnlag for å ha oversikt over eldre anlegg i den nye kommunen. Dette vert lagt inn i eigen innsynsportal som er kopla mot Acos for denne type dokument. Dei som har slikt materiale som bør skannast henvender seg til Ålesund.
- Oppgåver.
  1. Avklaring om budsjett er ikkje påbegynt, skyvast fram i tid.
  2. Forslag til organisering utsettast jf. Førre referat.
  3. Endring av forskrifter er ikkje påbegynt, treng avklaring av budsjett først.
  4. ROS-analyse: Vart gjort ferdig i dagens møte, og lagt direkte inn i prosjektportalen.
  5. VA-Norm går som planlagt.
  6. Leidningskart, flyttast til oppstart før påske, Kim tek initiativ til eit møte med leidningskart-ansvarlege for å kome i gang. Vi legg opp til at dette blir organisert på same måte som arbeidet med VA-Norm, under A9.Desse er utpeika til å arbeide med etablering av felles VA-Kart:
  - Ålesund kommune: Steven Jørgensen
  - Haram kommune: Jan Bjarne Valde, fagansvarleg avlaup
  - Haram kommune: Nils Kristen Skaar, tidlegare fagansvarleg vatn
  - Haram kommune: Camilla Waagbø Nilsen, fagansvarleg vatn
  - Skodje kommune: Knut Berg
  - Ørskog kommune: Jan Ove Longvastøl
  - Ørskog kommune: Beate Furstrand
  - Sandøy Kommune: Gerhard S. Fitje

I denne samanheng treng vi avklaring frå innkjøp om evt. Intensjonskunngjering for programvare, samt avklaring for Ørskog som har sin base i anna format.

Kim avklarar med prosjektleiar om evt. stedfortreder til prosjektleiarmøte 27.2.

Neste møte blir i Haram, på brannstasjonen den. 15.3. Agenda for møtet blir Arbeid med kunnskapsgrunnlag, og innretning vidare med prosjetet, og evt. Anskaffing av bistand, dersom prosjektbudsjett er avklart til den tid, samt synfaring. Vi møtes på brannstasjonen kl. 8.30.



Nye Ålesund kommune  
Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Harøy, 15.2.18

Kim A. Breivik

Ref.